



Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Trine Lise Sagmo - Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 15/8084-19

Budsjett 2016 - Tertiアルrapport 2/16 for samferdslesektoren

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1 Det vert gjort slike endringar i sektorbudsjettet til samferdsle for 2016:

- a) Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 7,4 mill. kr.
- b) Teneste 7300 Buss – kjøp av teneste vert redusert med 4,2 mill. kr.
- c) Teneste 7301 Buss – skuleskyss u.transp./div. grunnskulen vert auka med 2,9 mill.kr.
- d) Teneste 7302 Buss – skuleskyss vidaregåande skule vert auka med 1,3 mill. kr.
- e) Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 1,7 mill. kr.
- f) Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 3,2 mill. kr.
- g) Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert redusert med 1,6 mill. kr.
- h) Teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause grender vert redusert med 0,6 mill. kr.
- i) Teneste 7323 Båt – diverse vert redusert med 0,3 mill. kr.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Hovudutval for samferdsle har etter budsjettreglementet pkt. 2.5.7 fullmakt til å overføre innsparinger på programområda 730 Bilruter, 732 Båtruter og 733 Tilrettelagt transport til programområde 722 Fylkesvegar, miljø- og trafikktryggingstiltak. Vidare har hovudutvalet fullmakt til å sjå programområde 722 Fylkesvegar, miljø- og trafikktryggingstiltak og 731 Fylkesvegferjer i samanheng.

Fylkesdirektøren legg no tertialrapporten for samferdslesektoren fram som eiga sak for hovudutvalet i tråd med fullmakta. Investeringsbudsjettet for fylkesvegar vert lagt fram i den ordinære tertialrapporten frå fylkesrådmannen.

I denne saka legg fylkesdirektøren opp til å overføre innsparinger på samla 7,4 mill. kr frå kollektivområdet og ferjeområdet til fylkesvegområdet.

2. Driftsbudsjett for samferdslesektoren

Programområde 722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak

Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald

Statens vegvesen melder om ein prognose på forbruk på nivå med budsjett. Driftskostnadane er om lag 6 mill. kr høgare enn budsjettet medan det er eit tilsvarande mindreforbruk knytt til vedlikehald. Meirforbruket knytt til drift er grunna i kostnad med brannen i Skatestraumtunnelen og høgare kostnad til vinterdrift. I saka i tertialrapport 1/16 var det meldt om ei uavklart sak om deponering av betongavfall frå brannen. Statens vegvesen har no fått delvis innvilga søknaden frå Miljødirektoratet om løyve til å deponere masse på Almenningsfjellet i Vågsøy. Dette vil gje lågare kostnader enn alternativet med å transportere massane til Førde.

Mindreforbruket på vedlikehald er knytt til forseinkingar på Osstrupen bru og seinare oppstart av elektrokontrakta på Høyangertunnelen.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev datert 29.08.2016 bedt om tilbakebetaling av 4,2 mill. kr av skjønnsmidlar etter naturskade i 2011. Dette er grunna i lågare kostnad enn det som vart lagt til grunn i tildelinga. Tilbakebetalinga vil bli dekt av denne posten.

Fylkesdirektøren tilrår ut frå dette at innsparingar på kollektivområdet (5,8 mill. kr) og ferjedrift (1,6 mill. kr) blir overført til drift og vedlikehald av fylkesvegar.

Programområde 730 Bilruter

I 2016 er det ein del endringar som har gjort det utfordrande både å estimere kostnad og å fordele budsjettet riktig på dei ulike tenestane. Den største av desse endringane er oppstart av bussanbod i 14 kommunar i Sunnfjord og delar av Sogn 20. juni. Dette påverkar m.a. storleik på beløp som skal plasserast på høvesvis teneste 7300 Buss – kjøp av teneste, 7301 Buss skuleskyss – undertransport grunnskule og 7302 Buss skuleskyss – vidaregående skule. Pr. 2. tertial ser ein biletet klarare og kan omdisponere i tråd med venta kostnad.

I tillegg til effektane av bussanboden er det eit mindreforbruk knytt til midlertidig skuleskyss ved skade/ sjukdom både når det gjeld grunnskule og vidaregående skule. Dette er ein kostnad som vil variere frå år til år etter behov.

Løyving til uføresette kostnader er lite nytta så langt i år og kan reduserast. Det ligg òg an til lågare kostnad enn budsjettet på ruteopplysing og andre marknadsaktivitetar.

Bruken av ungdomskort på buss har hatt ein nedgåande trend dei siste åra, og utviklinga går same veg første halvår i år. I tillegg blir ein stor del av kostnaden på teneste 7303 flytta til 7300 i samband med at fylkeskommunen overtar ansvar for billettinntektene etter anbodsoppstart.

Samla kan ein justere budsjettet beløp på dei ulike tenestane slik:

- Teneste 7300 Buss – kjøp av teneste: mindreforbruk på -4,2 mill. kr.
- Teneste 7301 Buss – skuleskyss u.transp./div. grunnskulen: meirforbruk på 2,9 mill.kr.
- Teneste 7302 Buss – skuleskyss vidaregående: meirforbruk på 1,3 mill. kr.
- Teneste 7303 Ungdomstilbod: mindreforbruk på -1,7 mill. kr.
- Teneste 7306 Diverse kollektiv: mindreforbruk på -3,2 mill. kr.

Fylkesdirektøren tilrår at samla mindreforbruk på programområde 730 Bilruter på 4,9 mill. kr vert overført til teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald.

Programområde 731 Fylkesvegferjer

Teneste 7310 Fylkesvegferjer

Statens vegvesen melder om ei prognose på om lag 1,6 mill. kr i mindreforbruk. Årsaka til mindreforbruket et at faktiske kostnadsindeksar vart lågare enn det som var forventa i budsjettet.

Fylkesdirektøren tilrår at midlane vert overført til teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald, jf. omtale over.

Programområde 732 - Båtruter

Teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause gredner

1. januar 2016 vart autopassdirektivet innført på ferjesambanda Mannheller – Fodnes og Dragsvik – Hella – Vangsnæs. Dette medfører at billettkostnaden for vidaregåande elevar på desse sambanda fell vekk. Innsparinga er anslått til 0,7 mill. kr. Etter andre mindre justeringar innanfor denne tenesta, kan teneste 7321 reduserast med 0,6 mill. kr.

Teneste 7323 Båt – diverse

Bruken av ungdomskort på båt har til liks med buss hatt ein nedgåande trend dei siste åra. Vi ser at utviklinga går same veg første halvår i år. Budsjettet kostnad til dette kan difor reduserast med 0,3 mill. kr.

Fylkesdirektøren tilrår at samla mindreforbruk på programområde 732 Båtruter på 0,9 mill. kr vert overført til teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at hovudutval for samferdsle overfører innsparte midlar på kollektiv- og ferjeområdet på 7,4 mill. kr til fylkesvegmrådet.